

Kapittel 4:

Tverrfagleg havari – men samfunnsplanlegging overlevde dei turbulente 1980-åra

Nils Aarsæther

1980-talet skulle bli eit problemfylt tiår for den tverrfaglege utdanninga i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning ved Universitetet i Tromsø. Sjølv om utdanninga gjennom 1970-talet hadde fått studieløpet og forholdet til praksisfeltet på plass, skulle studieretninga virke i eit akademisk miljø som ved inngangen til 1980-talet opplevde stagnasjon i stillingstildelingar og studenttal (Fulsås 1993: 170).

Den optimistiske gründerstemninga frå 1970-talet var blitt avløyst av ein meir sjølvkritisk og nøktern innstilling til kva Universitetet kunne utrette, no med eit fagtilbod som ikkje rekrutterte det forventa talet på studentar. Det gjorde ikkje situasjonen betre at Stortinget i 1983 vedtok at den nye siviløkonomutdanninga for Nord-Norge skulle leggast til Bodø, og ikkje til Tromsø (ibid.: 178).

Det blei altså ein sterk kontrast mellom eit lite fagmiljø som hadde fått det bra til, ved å bygge på og utvikle den tverrfaglege ideen, og eit institutt- og universitetsmiljø som opplevde å streve i motbakke. I dette kapittelet skal vi gå nærare inn på korleis denne kontrasten førte til spenningar, konfliktar og omstilling ved Institutt for samfunnsvitskap. Men vi skal først ta for oss det store bildet: Korleis 1980-talet innvarsle ein nye epoke nasjonalt og internasjonalt.

Ute i den store verda og i nasjonal politikk er det ting på gang. I land etter land blir styringa overtatt av konservative regjeringar, anført av den marknadsliberale Margareth Thatcher som blir statsminister i Storbritannia, og

<https://doi.org/10.5281/7.7872> Aarsæther, N.: Tverrfagleg havari – men samfunnsplanlegging overlevde dei turbulente 1980-åra. I Aarsæther, N., (red.): Samfunnsplanlegging gjennom 50 år. Septentrio Reports 2 (2024).

© 2024 The author(s). This is an Open Access publication distributed under the terms of the [Creative Commons Attribution 4.0 International License](#).

Tverrfagleg havari – men samfunnsplanlegging overlevde dei turbulenten 1980-åra

den konservative Ronald Reagan som blir president i USA. Eit fleirtal av veljarane ønsker no noko anna enn etterkrigstidas etablerte, sosialdemokratiske orden – stemninga ute blant folket er no at vi må ha meir fridom, marknadskreftene må få sleppe til, det offentlege byråkratiet har est ut og må temjast.

1980-talet varslar altså eit politisk oppgjer med den sosialdemokratiske velferdsstatsmodellen som hadde prega samfunnsutviklinga i etterkrigstida. Men det skulle også bli eit oppgjer med den fridomssøkande og opprørske tendensen som prega 1970-talet, og som hadde ført til nyskapande og utradisjonelle måtar å drive høgre utdanning (og planlegging) på. Så i dobbel forstand var den politiske utviklinga på 1980-talet, som hadde nyliberal marknadstenking som grunnlag, lite foreinleg med styring basert på samfunnsplanlegging.

Ei tverrfagleg utdanning som skal virke innafør eit breiare akademisk miljø, og som har ei sterk orientering mot planlegging og samfunnsstyring, vil sjølv sagt ha dei beste føresetnadene for utvikling dersom både akademia og det omliggande samfunnet deler utdanninga si orientering. Eit slikt resonnement er i tråd med ny-institusjonell teori, der ein har forska på korleis institusjonar manøvrerer for å framtre som mest mogleg «i tråd med» endra forventningar frå omgivnadene. Og institusjonar som opptrer med ei slik tilpassingsevne, får større legitimitet og dermed betre muligheter for overleving (Meyer & Rowan 1983: 21). Men ifølge ny-institusjonelle tenkarar betyr ikkje ei slik tilpassing at institusjonen nødvendigvis leverer betre produkt (for eksempel i form av studentprestasjoner og forsking), suksessen handlar om å framtre slik at ein oppnår aksept og legitimitet (*ibid.*:22).

Ved å nytte eit slikt resonnement blir det kritisk og avgjerande for ei utdanning om den framstiller seg sjølv som på linje med, og tilpassa til, trendar og tenkemåtar i det omgivande samfunnet. Og for ei tverrfagleg innretta planutdanning er dette ikkje umiddelbart enkelt, eller snarare, tvert imot. Først skal vi sjå på det som endrar seg innafør praksisfeltet – norsk planlegging - når vi går inn i 1980-åra:

På planfeltet opplever vi ei spektakulær markering av «den nye tid», faktisk med noko som framstår som eit oppgjer med plan-tenking i det store og heile. Bakgrunnen først: Regjeringa Brundtland (AP) hadde i si korte virketid (februar-oktober 1981) fått fremja og vedtatt landets første Planlov, ei lov som

avløyste plandelen i Bygningslova av 1965.¹ Den nye lova hadde formuleringar som viste AP-regjeringa sin ambisjon om å bruke Planlova i eit politisk arbeid for samfunnsendring: I formålsparagrafen blir det slått fast at planlegging etter lova skal «bidra til å bedre og utjevne levekårene for befolkningen i alle deler av landet, og sikre at bruk og vern av naturressursene og miljø skjer etter planer godkjent av folkevalgte organer» (referert i Kleven 2011:144). Her er det uttrykt eit verdigrunnlag som kan seiast å avspegle verdiar som stod sterkt på 1970-talet: Miljø, demokrati, utjamning.

Men i september 1981 er det Stortingsval, Arbeidarpartiet går tilbake og det blir borgarleg fleirtal. Kåre Willoch tar over som statsminister i ei Høgeregjering, og noko av det første regjeringa Willoch gjer, er å fremje for Stortinget at den nyst vedtekne Planlova blir oppheva. Dette skjer allereie i oktober, berre ein månad etter valet. Fleirtalet i Stortinget sluttar seg til opphevinga av Planlova, og dei borgarlege partia feirar dette som eit oppgjer med den sosialdemokratiske statens sine byråkratiske reguleringar. Rett nok er dette ein symbolsk siger, for Bygningslova av 1965 gjeld no stadig vekk. Og det skal snart vise seg at regjeringa Willoch ikkje er så prinsipielt mot planlegging: Den oppnemner eit utval for å førebu ei ny planlov, men det er ei lov som dei håper skal vere meir i samsvar med «den nye tid», med meir armslag for private eigarinteresser, og utan noko mål om sosial og geografisk utjamning. I den lova som til sist blei vedteke, Plan- og bygningslova av 1985, var det heller ingen substansielle formål - den hadde i hovudsak «samordning» som mål (Kleven 2011:187).

Det som skjer på planfeltet i 1981 får ingen konsekvensar for utdanninga i Tromsø. Men når høgreregjeringa har blinka ut oppheving av Planlova som sitt første oppgjer med «den sosialdemokratiske orden», så ligg det i dette eit signal, også til plan-utdanningane, om ikkje å forvente så mykje merksemeld og støtte i tida som kjem.

Som nemnd har planutdanninga i Tromsø fått ting på stell ved inngangen til 1980-talet. Gjennom ein optimistisk gründerfase på 1970-talet var utdanninga i ferd med å finne si form, med ei sterk orientering mot praksis i kombinasjon med ei fagleg-teoretisk opprustning. At utdanninga har funne

¹ Lov om lokal og regional planlegging (Planleggingsloven) vedtatt av Stortinget (Ot.prop.nr.22 (1980-81)).

Tverrfagleg havari – men samfunnsplanlegging overlevde dei turbulente 1980-åra

si form blir markert ved at dei første (to) kandidatane har gjennomført hovudfaget (1979). Ny fagleg leiar, Per Kr. Mydske (dosent) er også på plass. Han etterfølger Ottar Brox, men har ein radikalt forskjellig profil når det gjeld planforskning. Som statsvitar er han opptatt av formelle beslutningsprosessar på nasjonalt og regionalt nivå, knytt til planlovgiving og spesielt korleis den nye planlegginga på fylkesnivå fungerer. Men Mydske er også oppdatert på nyare planteori, og gjennom forelesingane blir han ein viktig vegvisar inn mot debattar om inkrementalisme, mixed scanning og kritikken av den rasjonelle planmodellen (Faludi 1973).

Men det skal vise seg å bli vanskelegare å manøvrere i det universitetspolitiske terrenget som den tverrfaglege planutdanninga er ein del av. Ved ISV er statsvitarane, anført av «fagentreprenøren» Tom Christensen, og etter kvart med støtte av Helge O. Larsen, lite nøgde med berre å ha eit grunnfag. Dei vil bygge utdanninga vidare med mellomfagstillegg og eit eige hovudfag i offentleg politikk og administrasjon. Dei har gode argument på handa, for grunnfaget i offentleg forvaltning rekrutterer langt betre enn dei andre faga ved instituttet. Og i forskingsgruppene opplever både pedagogar, sosiologar og antropologar den tverrfaglege organiseringa av undervisninga meir som ei tvangstrøye enn som eit nyskapande akademisk prosjekt.

Så, omgivnadene både nasjonalt og i nærmiljøet - ved Institutt for samfunnsvitenskap – var ved inngangen til 1980-talet passeleg leie av både planlegging og av tverrfaglege eksperiment. Ei utdanning i samfunnsplanlegging vil, som nemnd, vere avhengig (1) aksept av tverrfagleg tenking i akademia, og (2) generell planleggings- og styringsvilje i samfunnet. Når det skrantar på begge desse frontavsnitta vil utdanninga gå inn i ei vanskeleg tid. Gitt at det akademiske miljøet ikkje lenger vil støtte opp om tverrfaglege og eksperimentelle utdanninger, og gitt at sentrale styresmakter vil nedtone planlegging og i større grad sleppe marknadskrefter til, vil ei utdanning i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning, som allereie slit med dårleg studentrekrytering, stå overfor tre alternativ:

1. Følge den ny-institusjonelle logikken – legge ned utdanninga og godta at stillingane blir fordelt på ulike etablerte disiplinfag – eller
2. Redefinere utdanninga til å bli eit disiplinfag, og då vil samfunnsgeografi vere det mest aktuelle, eller

3. Ruste seg for å halde fram med eit tverrfagleg utdanningsløp, innsjå at det vil vere å arbeide i sterk motvind, men med håp om, på lengre sikt, betre tider.

Ved inngangen til 1980-talet var situasjonen slett ikkje blitt prekær, utdanninga hadde styrka seg frå starten av og gjennom heile 1970-talet. Kanskje ikkje med dei store studentkulla, men ved å ha utvikla nyskapande bindeledd til landsdelen og praksisfeltet – som Høstseminaret, feltkurs, praksisår og regionalseminar. Heldigvis var instituttadminstrasjonen (fortsatt) ein viktig støttespelar, og fleire større forskingsprosjekt med utspring i forskingsgruppa hadde oppnådd ekstern finansiering. Så valet var enkelt: Fagmiljøet hadde funne eit godt spor (alternativ 3): Det tverrfaglege opplegget fungerte, og fleirtalet av dei tilsette såg ikkje behov for større endringar i undervisnings- og formidlingsopplegget.

I det følgande tar vi for oss utdanningsmiljøet sitt virke gjennom 1980-talet, før vi omtalar den store omveltinga innan samfunnsfaga – overgangen frå tverrfaglege til disiplinære utdanningar ved Institutt for samfunnsvitskap.

No kjem hovudfagskandidatane

Sjølv om studenttilgangen til mellomfag/storfag var liten på 1970-talet, fekk utdanninga snart eit stort miljø av hovudfagsstudentar. Hovudfaget var 2-årig, bygde på mellomfag/storfag og hadde stort fokus på arbeidet med den sjølvstendige hovudoppgåva. Eksamens bestod av hovudoppgåve, prøveforelesing over oppgitt tema og munnleg eksamen. Grunnen til den gode tilstrøyminga var at vi opna opptaket også for studentar som hadde andre, men fortrinnsvis relevante, utdanningsbakgrunnar frå lågare grad. Hovudfagsmiljøet blei dermed ei blanding av akademiske «heimfödingar» og «innflytarar». Dei som kom utanfrå til hovudfaget i samfunnsplanlegging og lokal-samfunnsforsking måtte imidlertid gjennomføre feltkurset, og dermed blei dei raskt sosialiserte inn i «fagkulturen».

Mens det på 1970-talet blei uteksaminert 7 høgregrads-kandidatar, hadde talet uteksaminerte på 1980-talet stige til 33. Fortsatt var dette ein moderat «output», med gjennomsnittleg 3-4 kandidatar per år, men det var likevel nok til at planlegging/lokalsamfunn-miljøet i Tromsø-samanheng markerte seg som det største: Til samanlikning var det gjennom 1980-talet 19 som tok hovudfagseksamen i sosialpolitikk (ikkje lenger med «og aksjonsforskning»)

Tverrfagleg havari – men samfunnsplanlegging overlevde dei turbulente 1980-åra i namnet), 18 i skoleforskning, 5 i samiske studier og 10 i offentlig politikk og administrasjon (Bårnes 1997).

Vibeke Bårnes, bibliotekar på UB ved Universitetet i Tromsø, hadde samla og publisert eit oversyn over samtlege høgre grads kandidatar i samfunnsfag ved ISV i perioden 1973-1996, og i dette oversynet framgår også tema for studentane sine hovudoppgåver. Framstillinga kviler på Vibeke Bårnes sin fortjenstfulle innsats for å dokumentere studentoppgåvene i denne perioden (Bårnes 1997).

Gjennom 1980-talet held altså produksjonen av høgre grads kandidatar seg godt oppe ved utdanninga, og på 1980-talet kom også dei første doktorgradane: I 1986 disputerte Nils Aarsæther på avhandlinga *Kommunalpolitisk budsjettering – tverrsektorielle beslutningsprosessar i ein innstrammingsfase*. Avhandlinga var basert på direkte observasjon av beslutningsatferd i formannskap og kommunestyre i tre nordnorske kommunar over ein fireårsperiode, og i datainnsamlinga hadde 7 studentar/assistentar deltatt (Aarsæther 1986:1). Året etter disputerte Jon Gulowsen på avhandlinga *Kvalifikasjoner og arbeidermakt: samlet og sterk eller splittet og svak?*

Titlane på dei to avhandlingane tyder på at planlegging ikkje var eit sentralt tema. Den same tendensen kan vi sjå når det gjeld temaval for hovudfagskandidatane på 1980-talet: Av dei 33 kandidatane var det berre 2 som eksplisitt hadde planlegging som fokus. Ei av desse oppgåvene (Jacobsen 1982) handla om langtidsplanlegging i regjeringa sitt planleggingssekretariat, den andre hadde tittelen *Paradigmeskifte i fylkesplanlegginga – en studie av fylkesplanlegging i Troms* (Bjørkli 1989).

To av 33 kandidatar hadde altså valt eit plantema, følgeleg hadde 31 kandidatar skrive om andre tema. Kva skreiv dei om? Det har vore mogleg å dele hovudoppgåvene i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforsking inn i tre breie temaområde: (1) Offentleg politikk og planlegging (2) Bedrifts- og næringsutvikling, (3) Lokalsamfunn: dagleliv og demografi. Mens det første temaet er retta inn mot statsvitenskap, er det andre meir retta inn mot samfunnsgeografi/økonomisk geografi, og det tredje inn mot sosialantropologi/sosiologi. Ved ein gjennomgang av titlar, henta frå Vibeke Bårnes sitt bibliografiske arbeid, får vi følgande fordeling:

- Offentleg politikk og planlegging: 14 kandidatar
- Bedrifts- og næringsutvikling: 12 kandidatar
- Lokalsamfunn, daglegliv og demografi: 7 kandidatar

Inndelinga må ikkje tolkast for strengt, for dei fleste oppgåvene er tverrfagleg innretta, og fleire av dei ligg nettopp i skjeringsfeltet mellom daglegliv, næringsliv og offentleg politikk. Dette gjeld for eksempel Kari Hesselberg som skriv om *Eldrebølgen - en studie av kommunenes utgifter til eldremassoren* (Hesselberg 1987), eller Gunhild Aasmoe sin studie *Etnopolitikk og forvaltningsorganisasjon: skoletilbudet til samiske barn i Nordland* (Aasmoe 1988). Titelen på den sistnemnde oppgåva tilseier at den alternativt kunne vore levert til hovudfag i skoleforsking, til samiske studier, eller til hovudfag i offentlig politikk og forvaltning. Men oppgåva blei altså gjenomført i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforsking, med sosiologen/statstittaren Nils Aarsæther som rettleiar.

Det er litt av eit paradoks at ikkje fleire oppgåver har *planlegging* som tema, for sjølv om Planlova blei trekt av regjeringa Willoch i 1981, så blei ei ny Plan- og bygningslov vedtatt i Stortinget i 1985. Etter vedtaket om plan- og bygningslov blei det i regi av Miljøverndepartementet og Kommunenes Sentralforbund sett i gang eit kunnskapsbasert og omfattande utviklingsprogram for ein «ny giv» i kommunal og regional planlegging (Kleven 2011: 258-263). 20 kommunar deltok i dette programmet, men Fagmiljøet ved Universitetet i Tromsø blei ikkje trekt inn i dette arbeidet; Miljøverndepartementet engasjerte NIBR i Oslo til å administrere det.

Plan- og bygningslova av 1985 introduserte *medvirkning* i planlegging (§ 16) – eit tema som jo skulle passe som hand i hanske for eit samfunnsfagleg innretta planmiljø, men på 1980-talet var det ingen i nord som tok den ballen (seinare skal vi sjå at medvirkning etterkvart blei eit svært så viktig tema for planforskningsmiljøet i Tromsø).

Og ja, det blei folk av kandidatane frå 1980-talet: Fortsatt går mange til høgre utdanning og forsking, og til jobbar i offentleg administrasjon. Ikkje så få - 6 av 33 - endar opp som professorar i universitets- og høgskolesystemet. Fleire av desse har markert seg sterkt i fag- og samfunnsdebatt, internasjonalt, nasjonalt og i landsdelen: Kjell Arne Røvik, professor i organisasjon og leiing ved UiT har i fleire tiår vore ein viktig stemme i spørsmål om organisasjonsendring og regional utvikling. Erik Oddvar Eriksen, professor

Tverrfagleg havari – men samfunnsplanlegging overlevde dei turbulente 1980-åra

ved ARENA, Senter for Europastudier ved Universitetet i Oslo har markert seg som ekspert på EU og demokratiutvikling i Europa. Berre ein mindre andel av kandidatane har flytta sørover, men fortsatt er det svært så få som blir rekruttert til kommunal og regional planlegging.

På mellom/storfaget (2.året) var det god tilstrøyming gjennom 1980-talet. Eksamensstala for dei første åra viser at det var hhv. 12, 15 og 15 studentar som tok eksamen i treårsperioden 1980-82. Desse 42 studentane hadde alle sjølvvalde oppgåver, i all hovudsak retta inn mot kommunale og fylkeskommunale forhold, mot næringsutvikling, men ikkje så mange retta inn mot lokalsamfunn/daglegliv/likestilling.

Dei som stod for undervisninga på 1980-talet var Per Kristen Mydske, Jon Gulowsen, Nils Aarsæther, Reinhard Mook, Jan Einar Reiersen, Sidsel Sau-gestad og Halldis Valestrand. Mydske var berre drøye to år i stillinga som dosent, og det tok tid å lyse den ut att. Først mot slutten av 1980-talet blei ny professor tilsett, det var Svein Jentoft, magister i sosiologi og med doktorgrad i fiskeriforvaltning.

Midt på 1980-talet forlot professor Ottar Brox Tromsø. Han flytta til Oslo, og blei først leiar i prosjektet «Alternativ Framtid», men deretter blei han tilsett som forskingsleiar ved NIBR. Før han flytta var det ei markering av Ottar Brox sin 50-årsdag, med lansering av boka *Folkemakt og regional utvikling*, redigert av Ragnar Nilsen, Jan Einar Reiersen og Nils Aarsæther (Pax forlag, 1982). Og Ottar Brox gav i 1984 ut det han kalla oppfølgjaren til *Hva skjer i Nord-Norge?*, boka *Nord-Norge: Fra allmenning til koloni* (Universitetsforlaget 1984). Vitaliteten i forskingsmiljøet blei også ved inngangen til 1980-talet markert, ved spesialnummer av *Tidsskrift for samfunnsforskning* og av *Sosiologi i dag*, samt boka *Kommunalt tiltaksarbeid*, redigert av Helge O. Larsen og Nils Aarsæther (Universitetsforlaget 1985).

Utoverretta aktivitetar på 1980-talet: Høstseminar, feltkurs, praksisår

Kort fortalt følgde fagmiljøet opp dei utoverretta aktivitetane med årlege Høstseminar, feltkurs og praksisår for 3.-årsstudentar frivillig). Tema for Høstseminara var på 1980-talet går fram av tabellen på neste side.

Temavala avspeglar både aktualitet og gjennomførte forskingsinnsatsar. Aktuelle tema var for eksempel «år 2000» – fordi scenario-tenking var blitt

populært når årtusenskiftet var i sikte. Aktualitet låg også til grunn for temaet «flyktningers møte med norske kommuner», på det tidspunktet ei heilt ny problemstilling for nordnorske kommunar. Statleg regionalpolitikk, fylkespolitikk og kommunalpolitikk var behørig representert, og avspegla forskingsinnsatsar i fagmiljøet. Det kan synest som om kvar og ein i lærarstaben fekk tema-ansvar for eit Høstseminar. Og kommunar og fylker slutta godt opp om seminaret. Ottar Brox var så godt som alltid med, med sine gjentatte utfordringar til ei øvrigheit som han aldri gav opp å belære med det han meinte var elementære og innlysande innsikter. Vi må nesten få gjengi ein passasje med broxianske spissformuleringar, henta frå Høstseminarets jubileumsskrift:

1980	Nord-Norge i år 2000	1985	Kommunene – fra innstramming til omstilling?
1981	Virkemiddelbruk og flytteprosesser i Nord-Norge	1986	Fylkeskommunene 1976-1986
1982	Styringsproblem i lokalforvaltninga	1987	Den nye politikeren – omfordeler eller bokholder?
1983	Arbeid og sysselsetting i Nord-Norge	1988	Flyktninger og asylsøkeres møte med norske kommuner
1984	Hvordan styres de regionalpolitisk motiverte overføringene?	1989	Hvordan heve kompetansen i offentlig sektor?

Kjelde: Holm & Jentoft 1999.

Søk om 100 eller 500 millioner for å spare en halv times reisetid til byen, så skal du nok få det [...] Men om du søker om et småbeløp som er nødvendig for å revitalisere den lokale ressursutnyttelsen som alltid kan drives lønnsomt, så kommer vi og tar fra deg «endog hva du har»[...] nemlig retten til å utnytte de ressursene som i sin tid førte til at folk bosatte seg i din kommune! (Brox 1993:25-26).

Feltkursa på 1980-talet følgde stort sett same mal som på 1970-talet, og deltaking på feltkurs blei no studieplanfesta som obligatorisk, ikkje berre for studentar i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning, men også for studentar på dei øvrige samfunnsfaga – skoleforsking, sosialpolitikk og samiske studier. At feltkurset blei felles førte til sterkare innslag av lærarar,

Tverrfagleg havari – men samfunnsplanlegging overlevde dei turbulente 1980-åra og meir talrike «ekspedisjonar». At ein del hovudfagsstudentar også måtte delta, berika miljøet.

Praksisåret var det verre med. Ved at fagmiljøet ikkje hadde forpliktande avtalar med praksisstader blei det fortsatt opp til kvar enkelt student å ordne seg ein arbeidsstad. Det var også eit problem at ein praksisstudent kunne kjenne seg einsam og frikopla frå studiemiljøet. Men ordninga hadde sine 2-3 studentar i året, og i 1986 var det tre studentar «der ute»: I meldingsbladet «Nytt frå samfunnsfag» utgitt av Samfunnsfagseksjonen ved ISV, august 1986 kan ein lese at det var ein praksiskandidat i Herøy kommune i Nordland, ein i Tromsø kommune si planavdeling, og ein i Finnmark Fylkeskommune, planavdelinga. Dei som valde praksisåret som studium på tredje studieår hadde det gjerne lettare enn andre med å få seg jobb etter studiet – og det var fleire som aldri – eller berre langt seinare - kom tilbake til studiet.

Senter for kommunalforskning.

Så blei det ein utoverretta innovasjon også på 1980-talet: Gjennom eit samarbeid mellom Nils Aarsæther frå Samfunnsplanlegging og Helge O. Larsen frå Offentlig politikk og administrasjon blei det tatt initiativ til å opprette «Senter for kommunalforskning» ved UiT. Det var eit senter som skulle drive med forskingsformidling og utviklingsarbeid i skjeringsfeltet mellom Universitet og kommunal sektor i Nord-Norge. Ved sidan av dei to fagmiljøa på Universitetet deltok Troms Fylkeskommune, Kommunenes Sentralforbund i Troms, og forskingsstiftelsen FORUT. Til saman makta desse institusjonane å skrape saman årlege, små løyvingar som gav grunnlag for å opprette ei engasjementstilling som leiar; denne stillinga blei plassert på UiT. Senteret blei formelt stifta i 1988, og Toril Ringholm, cand.polit. i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforsking, blei tilsett som første leiar.

Ei av dei første oppgåvene for Senteret var å få peika ut «forskingkontaktar», og her var målet å ha ein forskingskontakt i alle Troms-kommunane. Ved å reise rundt og ha møter med den kommunale leiinga lukkast det å opprette eit nettverk av forskingskontaktar, folk som skulle stå til teneste med formidle mellom kommunale kunnskapsbehov og universitetet (og FORUT) sine kunnskapsressursar. Senter for kommunalforskning (SFK) laga og distribuerte sitt eige meldingsblad med informasjon om alle kommune-relevant forskningsbidrag, inkludert studentoppgåver, slike som ein antok kunne vere av interesse. Kommunane kunne på si side nytte senteret til å «bestille» enten profesjonell forsking/utredning, eller foreslå tema for

studentoppgåver på mellomfags- eller hovudfagsnivå. SFK blei også eit viktig bindeledd for å utvikle vidareutdanningstilbod, samt å stille med lærarkrefter og forelesarar på konferansar og seminar utanfor Universitetet.

Frå arkivmateriale til Senteret² (som blei «lagd i møllpose» på tidleg 2000-tal) kan vi i ettertid sjå ein imponerande formidlingsinnsats. Eit døme på det er opprettinga av «Utviklingsprisen» som Senteret kvart år tildelte eit innovasjonsprosjekt i kommunal sektor, med ei feiring av vinnaren på Høstseminaret i samfunnsplanlegging.

SFK kan vi betrakte som «krona på verket» om vi ser tilbake på «Innstilling om samfunnsfag» sine formuleringar om korleis samfunnsfaga ved det nye universitetet skulle organisere formidlingsarbeidet (Universitetet i Tromsø 1971:183). Utvalet for samfunnsfag peika her på behovet for å institusjonalisere samfunnskontakten, slik at denne ikkje berre tok form av sporadiske innsatsar. Senter for kommunalforskning var nettopp eit forsøk på å institusjonalisere kontakt, men også å gjere formidlingsarbeidet to-vegs.

Det drar seg til: Eit oppgjer med «den tverrfaglege tvangstrøya»

Under den tverrfaglege verksemda i forskingsgruppene var det utover på 1980-talet mykje murring. Slett ikkje alle var nøgde med å jobbe i tverrfaglege forskingsgrupper, og å tilby eksamen i fag med namn som ikkje fanst ved andre universitet. Ved sidan av undervisning i regi av forskingsgruppene skulle også dei fagleg tilsette ved ISV delta i fellesundervisning: Først og fremst i det tverrfaglege samarbeidet om «samfunnsvitenskap grunnfag», men også i fellesundervisning i metode og vitskapsteori på storfags- og hovudfagsnivå.

Men det låg frå starten av ei spenning innebygd i systemet, for gjennom rekrutteringa av vitskapleg personale blei utfallet at det i «skoleforskning» berre blei tilsett pedagogar, og i «samiske studier/etniske relasjoner» berre blei tilsett sosialantropologar (Fulsås 1993:199). Dei to øvrige forskingsgruppene, «sosialpolitikk og aksjonsforskning» og «samfunnsplanlegging og

² Arkivmateriale frå Senter for kommunalforskning er oppbevart ved Institutt for samfunnsvitenskap v/ professor Toril Ringholm, som også var den første tilsette ved senteret.

Tverrfagleg havari – men samfunnsplanlegging overlevde dei turbulente 1980-åra lokalsamfunnsforskning» var tverrfagleg samansett. Sosialpolitikk og akjonsforskning hadde tilsette med bakgrunn som sosiolog, statsvitar, jurist, psykolog og sosionom.

Den tverrfaglege organiseringa fungerte greitt på 1970-talet. Men kring 1980 stagnerte studenttalet ved heile universitetet, også på samfunnsfag (Fulsås 1993: 170). Dei som allereie var skeptiske til den tverrfaglege organiseringa kunne då argumentere med at det var på tide å prøve på noko «nytt», altså å erstatte tverrfaglege studiar med etablerte disiplinstudiar. Og så hadde det oppstått eit eksempel på kva disiplinfag kunne utrette for studenttilgangen: Det statsvitkskapleg baserte grunnfaget «Offentlig forvaltning og organisasjonslære» som blei vedtatt oppretta i 1978, trekte til seg svært mange studentar, samstundes som dei tverrfaglege tilboda sleit med store rekrutteringsproblem.

Så oppstod det ei spenning innetter på instituttet, for i fagmiljøet på samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning var det «null» motivasjon for disiplinær organisering – noko som fleirtalet av dei tilsette meinte ville vere eit fagleg tilbakesteg. Tverrfagleg forsking og undervisning var nærast eit *raisonne d'être*, i forhold til dei oppgåvene denne gruppa skulle arbeide med – «en planleggerutdanning med utgangspunkt i lokalsamfunnets problematikk». I dette miljøet var det få som ønskete å ha Universitetet i Oslo som modell for korleis ein skulle organisere samfunnsfagleg utdanning i Nord-Norge.

I plan/lokalsamfunnsmiljøet var det også ei frykt for at disiplinorganisering ved Instituttet ville legge press på og marginalisere utdanninga, og innskrenke handlingsrommet for tverrfagleg prosjektutvikling. Ut frå eit slikt resonnement blei det opplevd som naturleg å engasjere seg mot ei disiplinær organisering av instituttet. Frå 1985 av blei Nils Aarsæther leiar for samfunnsfagseksjonen, og han sette i gang fleire tiltak for å styrke integrasjonen i det samfunnsfaglege miljøet (meldingsblad, kveldsseminar) og for å sleppe studentane inn i diskusjonen om tverrfagleg vs. disiplinær organisering av undervisninga. Til liten nytte, skulle det vise seg.

Tilsette og studentar som forsvarte den tverrfaglege organiseringa argumenterte med at den hadde gitt gode resultat i form av relevant utdanning og forsking for landsdelen. I tillegg kunne dei som stod for det tverrfaglege argumentere med det ressursspillet som ville oppstå om fire eller fem disi-

plinfag skulle undervise i tilnærma same grunnleggande teori og metode. Det felles innføringsfaget på første året, samfunnsvitenskap grunnfag, hadde jo sidan 1973 fungert som ein felles plattform og hadde eit potensiale for å fungere som eit samfunnsfagleg «danningsprosjekt». Og på dette grunnlaget kunne det lett lagast eit kompromiss: Fortsatt ha det første året felles, for deretter starte opp med spesialiseringar i hhv. disiplinfag eller i tverrfaglege retningar. Dermed kunne det bli rom for både tverrfaglege og disiplinære tilbod. Men fleirtalet blant fagkollegaene avviste dette. Det blei av fleirtalet sett som mykje enklare å organisere instituttet med disiplinære tilbod heilt frå starten av. Ein effekt av dette ville vere å stimulere til å bygge disiplinidentitet hos studentane frå dag ein.

«Det er bred enighet ved Institutt for samfunnsvitenskap om å bryte ned tverrfaglighet»

Dette uttalte professor Per Mathiesen og førstemanuensis Trond Thuen, begge tilsette i Samiske studier til Uniternt, bladet til Universitetet i Tromsø, tidlig i 1988.³ Uttalelsen bidrog ikkje til å skape eit betre arbeidsmiljø ved instituttet. Men på eit møte i seksjonsrådet for samfunnsfag ved ISV 14. mars 1988 blei det med fem mot fem stemmar vedtatt å stoppe opptaket av nye studentar til det tverrfaglege samfunnsvitenskap grunnfag. Leiaren (Jens Ivar Nergård, frå pedagogikk/skoleforsking) sin dobbeltstemme avgjorde saka. Dei fire studentrepresentantane og representanten for samfunnspolanlegging og lokalsamfunnsforskning utgjorde mindretallet. Dermed var det sett ein stoppar for det tverrfaglege «samfunnsvitskap grunnfag» ved UiT – etter 17 års virke, og med uteksamining av nærmare 1000 studentar.

Argumentasjonen for ei konsekvent innføring av disiplinfag var basert på at dette ville gjøre det mogleg å ha ei internasjonal orientert forsking, og at det ville vere mogleg å styrke grunnforskingsa. Jens Ivar Nergård, seksjonsleiar i 1988, formulerte det slik i eit intervju i avis Nordlys, der han uttalar seg om behovet for å opprette disiplinfag og legge ned det tverrfaglege samfunnsvitenskap grunnfag:

«Universitetet skal også utvikle seg til å bli en institusjon som driver med grunnforskning, med disiplinær tilhørighet. Universitetet kan ikke bare leve

³ *Uniternt*. Blad for Universitetet i Tromsø, januar 1988, 1/88, s.5.

Tverrfagleg havari – men samfunnsplanlegging overlevde dei turbulente 1980-åra av anvendt forskning, mens grunnforskingen skjer ved andre institusjoner. Heller ikke i forhold til internasjonale forskningsmiljøer kan Universitetet i Tromsø opptre isolert» (Nordlys 18.03.1988)

Premissa her er at verken grunnforsking eller internasjonalt retta forsking kan drivast på tverrfagleg basis, men det er høgst tvilsamt. Når han hevdar dette, viser han til at det tverrfaglege vil vere avgrensa til å gjelde anvendt forsking og forsking på lokale problemstillingar. Men også dette er ein tvilsam premiss.

Internasjonalt forskingssamarbeid har vel «sidan tidenes morgen» hatt ei sterk tverrfagleg og tematisk, heller enn disiplinær, orientering. Når det gjeld lokalsamfunns- og regionalforskning var det mange frå ISV-miljøet som deltok på dei årlege Marginal Regions-konferansane frå 1973 av. Allereie i 1976 var ISV vertskap for den internasjonale Marginal Regions-konferansen, lagd til Vannøya i Karlsøy kommune.

Når det gjeld grunnforsking, så er vel den for samfunnsvitskapane sin del, utprega fleir- eller tverrfagleg. Og vitskapsteori for samfunnsvitskapen var jo på ein vellukka måte ivaretatt gjennom filosofimiljøet, som også var ein del av Institutt for samfunnsvitenskap. Her virka Jacob Meløe, Viggo Rossvær, Jon Hellesnes mfl., og dei gjorde det nærest til ein spesialitet å «blande seg opp i» det som samfunnsvitskarane dreiv med. Og dei tverrfaglege nestorane, som Yngvar Løchen og Ottar Brox, leverte jo ein serie med refleksjonar over forholdet mellom teori og praksis⁴.

Ingen er vel nøytrale i dette spørsmålet, men slik saka er framstilt her, kan det hevdast at argumentasjonen for ei konsekvent, frå botn til topp organisering i disiplinfag ved Institutt for samfunnsvitenskap ikkje var særleg overtydande. Tverrfagleg forsking, undervisning og formidling hadde blitt prøvd ut sidan 1970-talet, med relativt gode resultat. Og det var ingen «bred enighet om å bryte ned tverrfaglighet». Studentane hadde engasjert seg imot dette, men eit klart fleirtal av dei vitskapleg tilsette gjekk innfor å erstatte tverrfaglege tilbod med disiplinære utdanningar.

⁴ To eksempel: Yngvar Løchen gav ut boka *Liv og forvitring* i 1979, Ottar Brox kom med *Hva er samfunnsvitenskap?* i 1988.

Ønsket om å fjerne dei tverrfaglege og landsdelsretta studietilboda hadde kanskje andre grunnar enn dei strengt faglege: Ein openberr grunn var nok det stagnerande studenttalet. Dei tverrfaglege namna på utdanningsvegane ved ISV hadde nok mindre appell til studiesøkande ungdom enn kjente fagtermar (pedagogikk, statsvitenskap osv.). Større studenttilgang ville i sin tur gi grunnlag for fleire vitskaplege stillingar – og dermed gi større karrieremessige opningar for dei etterkvart mange uteksaminerte kandidatane på høgre grad.

Og så hadde det betydning at mange opplevde arbeidsmiljøet på det tverrfaglege instituttet som dårlig. At det er eit dårlig arbeidsmiljø på eit universitetsinstitutt er ikkje særleg overraskande. Avisa Morgenbladet «lever av» kvar veke å rapportere om instituttkonfliktar i akademia, heilt ned til kamp om det beste kontoret i korridoren. Akademia har ein tendens til å fostre individualistar heller enn lagspelarar, og mange forskarar kan ikkje skjøne korfor ikkje dei blir prioriterte ved tildelinga av stillingar, stipend og forskingsprosjekt.

Men kanskje er det slik at eit tverrfagleg, akademisk miljø vil vere spesielt utsett? Med ei rekke fagdisiplinar representerte i staben kan det vere vanskeleg å etablere ein tydeleg fagleg autoritet, ei leiing som er respektert på tvers av faggruppene. Og i fråver av ein tydeleg, tillitsbasert kollegialitet kan også «elefantar i glasshuset» få eit ufortjent breitt handlingsrom, og føre til at mange kvir seg for å delta på viktige, fagpolitiske arenaer.

At det utvikla seg eit ikkje så godt arbeidsmiljø kan kanskje sjåast i samanheng med at fleire av dei tilsette frå første dag var opne motstandarar av den tverrfaglege modellen. I kor stor grad det hadde betydning for arbeidsmiljøet veit vi ikkje, men for fleire av dei tilsette i pionertida var Universitetet i Tromsø første stopp på ein karriereveg som leia fram til arbeid ved større og meir renommerte fagmiljø ved universitet i inn- og utland. Då kunne ein CV fylt opp med erfaringar frå tverrfaglege studiar kanskje vere eit handicap, i konkurransen med «mainstream»-forskarar.

Tverrfagleg havari – men samfunnsplanlegging overlevde dei turbulente 1980-åra

No hadde jo Fagutvalet for samfunnsfag allereie i 1971, før oppstarten av undervisninga, påpeika at fagpersonalet ved Institutt for samfunnsvitenskap måtte innstille seg på å leve i ei spenning mellom tradisjonelle fagdisiplinar og dei tverrfaglege undervisningstilboda som Fagutvalet foreslo oppretta (Universitetet i Tromsø 1971: 216). Men det var nok ein del tilsette som ikkje slutta opp om dette synet – dei såg fram til ein arbeidsdag då det tverrfaglege undervisningsopplegget var erstatta av disiplinfag. Det seier seg sjølv at det blir eit dårlig arbeidsmiljø der kollegaer gir uttrykk for misnøye med det undervisningsopplegget dei var blitt tilsette for å undervise i. Og misnøye med den tverrfaglege organiseringa kunne vere svært hemmande for fagleg utviklingsarbeid: Det er ei kjensgjerning at forskingsgruppa i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning stadig prøvde ut og innførte nye metodar i undervisning og formidlingsarbeid (feltkurs, praksisår, Høstseminaret, Senter for kommunalforskning, Regionalseminaret). I dei andre fagmiljøa var det ikkje same interesse for å delta i tverrfagleg utviklingsarbeid, for svaret var jo gitt – arbeide for å erstatte tverrfaglege utdanningstilbod med etablerte fagdisiplinar.

Ironisk nok ville dette føre til at fagoppbygginga ved UiT ville likne fagoppbygginga ved Universitetet i Oslo. Ideen om å utvikle eit reformuniversitet med tverrfaglege og landsdelsrelevante ambisjonar stod tydelegvis ikkje lenger høgt i kurs.

ISV hadde ein sterk administrativ leiar frå midt på 1970-talet og fram til 1985, Terje Steen Edvardsen. Han var i stand til å støtte vidareføringa og utvikling av dei tverrfaglege utdanningsløpa, samstundes som han også opna for utvikling av disiplinære tilbod. Då han slutta midt på 1980-talet blei etterfølgjarane hans mindre kompromissorienterte, og meir opptatt av å gjennomføre ei fullstendig omstrukturering av samfunnsfaga. Også administrativt lagd til rette for at tverrfaglege utdanningar skulle omdannast til disiplinfag. I det følgande skal vi sjå korleis denne prosessen skreid fram mot slutten av 1980-talet.

Offentleg politikk og administrasjon får mellomfag og hovudfag.

Innafor samfunnsfaga var 1980-talet det tiåret då særleg statsvitenskapen opplevde ein nesten eventyrleg ekspansjon i norsk høgre utdanning. Og dette faget var ikkje representert ved Universitetet i Tromsø. Seint på 1970-talet bli det tatt initiativ til å opprette eit statsvitenskapleg tilbod, grunnfag i «offent-

leg forvaltning og organisasjonslære» (jf. kap 3). Det blei stor tilstrømning til dette faget, og tidleg på 1980-talet blir det framlegg om å endre namn til «Offentlig politikk og administrasjon» og å tilby grunnfag, mellomfag og hovudfag i det som no må kallast ein statsvitenskapleg disiplin. Grunnfaget i «offentlig forvaltning og organisasjonslære» skulle som nemnd (kap.3) vere tverrfagleg, og dette var markert ved at studiet hadde ein offentleg rett-komponent, undervist av juristar. Ved namneendringa og utvidinga blei imidlertid innføringa i offentleg rett sløyfa; og utdanninga framstod no som utvetydig disiplinær, og utan at ein såg eit behov for å tilføre studentane kunnskap i offentleg rett. Seinare blei det eit nytt namneskifte som markerte dette, studiet endra namn til «statsvitenskap».

Offentlig politikk og administrasjon (OPA) opplevde ei svært god student-tilstrømning. Av registreringsstatistikken av 1988 går det fram at faget hadde 85 studentar på grunnfag, 34 på storfag/mellomfag og 27 på hovudfag. Samstundes hadde det tverrfaglege samfunnsvitenskap grunnfag registrert 57 studentar⁵. OPA var no blitt det største faget ved instituttet, og ikkje til å undrast at tilsette på skoleforsking, sosialpolitikk og på samiske studiar tenkte at ein tilsvaranande modell, med etablering av «tradisjonelle» disiplinfag ville styrke rekrutteringa.

Så er det litt av eit paradoks at dei som grunna og blei tilsette ved Offentlig politikk og administrasjon (seinare Statsvitenskap) i all hovudsak var fagpersonar som hadde gjennomført det tverrfaglege studiet i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning. Professor Helge O. Larsen, professor Erik Oddvar Eriksen, professor Kjell Arne Røvik, professor Synnøve Jenssen, professor Hilde Bjørnå og førstemanuensis Jarle Weigård var alle tidlegare studentar og hovudfagskandidatar frå samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning. Seinare blei to kandidatar frå samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning tilsette som professorar i sosiologi – Geir Runar Karlsen og Marit Aure. Ut av dette kan vi hevde at det å ha gjennomført den tverrfaglege utdanninga i samfunnsplanlegging IKKJE er noko handicap når det gjeld karriere i eit disiplindominert akademia.

⁵ Tala er henta frå Registreringsstatistikk, Universitetet i Tromsø, Registrerte på fag/emne Høst 1988, kjørt 19.10.1988.

Exit skoleforsking

Først ut blant dei tverrfaglege forskingsgruppene var skoleforsking. Ettersom det berre var tilsett fagpersonar med pedagogisk bakgrunn ved dette studietilbodet kan det virke naturleg at det tidleg blei eit press på å erstatte eit studium i «skoleforsking» med «pedagogikk». Samtidig hadde skoleforskingssmiljøet utført eit pionerarbeid gjennom «Lofotprosjektet» på 1970-talet, leia av professor Karl Jan Solstad. Her blei det utvikla og prøvd ut eit opplegg for lokalsamfunnsretta undervisning i grunnskolen, i første omgang i Lofoten-kommunar. Skoleforskarane i Tromsø sette gjennom dette prosjektet (og ei rekje oppfølgande prosjekt) ein utdanningspolitisk dagsorden, også nasjonalt, for lokalsamfunnsretta undervisning – og «Det bidrog også til å forsvare eksistensberettigelsen av små skoler og små samfunn..» (Solstad 2014:23). Og dette skjedde med basis i det tverrfaglege miljøet ved Institutt for samfunnsvitenskap, der skoleforskarar aktivt brukte teori frå sosialantropologi i evaluerings- og utviklingsarbeidet (Høgmo 29014: Men ein prosjektperiode har sin slutt, og då Solstad og andre nøkkelpersonar innan lokalsamfunnsretta skole sökte seg bort eller fekk andre arbeidsoppgåver, auka presset for å trekke seg ut av det tverrfaglege samarbeidet og etablere eit eige pedagogikkfag. Dette fekk skoleforskingssmiljøet støtte til på Instituttet, og i 1983 blei i første omgang pedagogikk grunnfag etablert. Fem år seinare, i 1988, viser statistikken at det var registrert 14 grunnfagstudentar og 11 storfagsstudentar i pedagogikk – altså så langt ingen rekrutteringssuksess (men på 1900-talet kom det også for pedagogane ein sterk ekspansjon).

At skoleforskarane/pedagogane forlot det tverrfaglege samarbeidet var kanskje ikkje så uventa, ettersom pedagogikk som profesjonsdisiplin ikkje har så sterk slektskap med dei «frie» samfunnsfaga. Men det kan vurderast som eit tap for Universitetet i Tromsø at «ånden» frå Lofotprosjektet ikkje levde vidare. Samarbeidet mellom skoleforskarar og personale på dei øvrige forskingsgruppene hadde vore tett og berikande for alle partar.

Exit samiske studier / etniske relasjoner

Langt meir problematisk enn exit-en frå skoleforsking var det å oppgi «samiske studier / etniske relasjoner» til fordel for undervisning i «sosialantropologi». Men på dette feltet hadde dei fagleg tilsette argumentert for å opprette sosialantropologi frå dag 1 av. Universitetshistorikar Narve Fulsås skriv at sosialantropologane allereie i 1972, før undervisninga ved

Universitetet hadde starta opp, bad om å få erstatta «samiske studier» med «antropologiske studier» - men utan å få gehør for det i Universitetets interimsstyre (Fulsås 1993:199).

Men ikkje alle antropologar ivra for disiplinstudiar. Professor Cato Wadel engasjerte seg sterkt og entusiastisk for det tverrfaglege «prosjektet» ved instituttet. Han hadde frå 1973 av hatt ei «libero»-rolle ved samfunnssfagseksjonen, og hadde laga si eiga uformelle forskingsgruppe «Bedrift og lokalsamfunn» der magisterstudentar i sosiologi og sosialantropologi fullførte sine avhandlingar. Men etter at Wadel slutta i 1982, og særleg etter at Ottar Brox flytta til Oslo i 1985 blei sosialantropologane sin fagstrategi igjen å insistere på «fagleg autonomi» og få etablert sitt disiplinære antropologifag, frå botn til topp.

Men så var det eit ikkje så lite problem: Stillingane som antropologane hadde, var oppretta i «samiske studiar / etniske relasjonar». Og det var utvikla eit mellom/storfagstilbod og ei hovudfagsretning i samiske studiar/etniske relasjonar. Fagpolitisk ville det innebere ei belastning å kutte «samiske studiar» frå repertoaret i eit nordnorsk universitet. Sametinget var under etablering i 1989, og så skulle Institutt for samfunnsvitenskap ved UiT i forkant legge ned utdanningstilbodet i «samiske studier»?

Det blei sjølv sagt bråk av dette. Tidleg ute var Tromsø Sameforening, som i Nordlys 26.2.88 skriv «vi registerer med forbauselse at forskere som er ansatte i gruppa for «samiske studier» i denne saka bruker en tradisjonell splittelsestaktikk overfor samiske interesser». Samiske studenters forening tar i et brev av 14.04.88 «sterk avstand fra opprettelsen av antropologi som eget studie»⁶. Debatten om oppretting av eit antropologifag gjennom omdisponering av stillingar i samiske studiar hadde også vekt vidare medieinteresse. Avisa Klassekampen sende ein journalist for å dekke konflikten. Gjennom intervju med fagtilsette og ein student kom det fram at ingen av dei fagtilsette i samiske studier hadde lært seg samisk. At oppretting av antropologifaget ville føre til nedlegging av undervisninga i «samiske studiar» var åpenbart. I Klassekampen blir Trond Thuen (tilsett i samiske

⁶ Studentavisa Utropia, 24. mai 1988, s3.

Tverrfagleg havari – men samfunnsplanlegging overlevde dei turbulente 1980-åra studiar) gjengitt slik: «en nedbygging av det samiske vil ikke være intensjonen, selv om han ser at det kan bli en konsekvens».⁷

Også Nils Aarsæther var intervjuet av Klassekampen, og han karakteriserte opprettinga av eit tradisjonelt antropologistudium som «ei falitterklaring». Og i eit intervju i studentavisa Utropia seier han bl.a. «Enkeltpersoners trang til å ri disiplinære kjeppester har i dag ført til en situasjon som bryter helt med de intensjoner en hadde med opprettelsen av det samfunnsvitenskaplige studiet». Han imøtegås skarpt av antropologene Mathiesen, Thuen og Saugestad, som ønsker «å få ro omkring denne saken og ikke bidra til noe polemisk debatt»⁸. Aarsæthers utspill blir imidlertid karakterisert som ukollegialt, og i et brev til Samfunnsfagseksjonen skriv Thuen at han reagerer sterkt på «den uhemmede karakterisering av egen fortreffelighet og kollegers villfarelser som Aarsæther fremkommer med», og vidare: «For eget vedkommende finner jeg det svært vanskelig å samarbeide i fremtiden med en kollega som offentlig karakteriserer mine faglige hensikter på denne måten»⁹. Nærmere ein krigstilstand på eit akademisk institutt er det vel vanskeleg å kome.

Trass i kritikk og protestar frå samisk hald vedtok Universitetet i Tromsø å opprette sosialantropologi grunnfag – og dermed *de facto* å legge ned utdanninga i «samiske studer/etniske relasjoner». At det var svært mangelfulle undervisningsressursar for å drive det nye antropologifaget blei løyst ved å legge ned det tverrfaglege tilbodet i Kjønnsstudiar ved ISV, og overføre undervisningsressursen derifrå til det nye antropologifaget.

Leiar for samiske studiar, professor Per Mathiesen, har ei anna forklaring på korfor antropologi kom til å erstatte samiske studier. I boka *Universitetspionerene* står det slik:

«Da Samisk senter ble opprettet, endret vi vårt navn. Vi kunne ikke hete samiske studier, det ordet måtte selvsagt senteret ha. Så vi ble omdøpt til Seksjon for antropologi». (Mathiesen 2014: 565).

⁷ Klassekampen 27.4.1988

⁸ Utropia, studentavisa i Tromsø, nr 5, 24. mai 1988, forsida.

⁹ Brev til Samfunnsfagseksjonen, ISV av 06.05.88, gjengitt i Utropia nr 5, 24. mai 1988, s.3

Og resultatet: I følgje registreringsstatistikken begynte 18 studentar det nye sosialantropologi grunnfag, hausten 1988. Fagoppbygginga for det nye disiplinfaget hadde fått eit brukande startgrunnlag; det blei rekruttert langt fleire studentar til antropologifaget, samanlikna med antalet som tidlegare var registrert på «samiske studier».

Exit sosialpolitikk og aksjonsforskning

Etter exiten til skoleforsking og til samiske studiar, stod no *sosialpolitikk og aksjonsforskning* for tur. Ein overgang til disiplinfaget sosiologi hadde vore førebudd i fleire år. «Aksjonsforskning» blei tidleg droppa som del av titelen på faget. Professor Yngvar Løchen si stilling var oppretta i «medisinsk sosiologi» - og markerte dermed både tverrfaglegheit og eit samarbeid med det medisinske fagområdet. Men etter nokre år søkte Yngvar Løchen om å fjerne «medisinsk» frå professortittelen, og han framstod dermed meir i klartekst som professor i disiplinen sosiologi.

Etter at antropologi hadde frigjort seg frå «samiske studiar» var det sosiologane sin tur til å endre studiet frå det tverrfaglege «sosialpolitikk» til disiplinfaget «sosiologi». Gjennom personalskifte i staben hadde både statsvitaren, psykologane, juristane og sosialkonsulenten forlatt denne utdanninga, og ved nyrekrytting, stilling for stilling, stod ein til slutt stod igjen med ein tilnærma homogen stab av sosiologar¹⁰. Då skulle vegen over mot disiplinfaget vere enkel, men igjen blei det kritikk frå samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning. Dette miljøet foreslo at det planlagde grunnfaget i sosiologi burde ha ei tverrfagleg orientering, og på denne måten ta vare på det beste frå det nedlagde samfunnsvitenskap grunnfag. Namnet sosiologi/samfunnsvitenskap blei foreslått, men dette blei avvist av sosiologane – her var det tydelegvis viktig å markere disiplinen identitet – og slik blei det.

Exit samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning?

Etter desse fisjonsprosessane var utdanninga i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning per 1988 det einaste gjenverande tverrfaglege tilbodet ved ISV.

¹⁰ Eit unntak var Willy Guneriussen, med bakgrunn i filosofi, og med interesse for samfunnsvitenskapen sine grunnlagsproblem.

Tverrfagleg havari – men samfunnsplanlegging overlevde dei turbulentे 1980-åra

Utdanninga sine forkjemparar hadde tapt alle kampar for å hindre oppsplitting i fagdisiplinar og for å hindre nedlegging av det tverrfaglege grunnfaget. Men det kunne bli verre, for i 1989 blei dert førebudd ei sak om organiseringa av undervisning ved ISV for universitetsstyret. Ville styret ved Universitetet i Tromsø gjere eit unntak frå den foreslatté disiplinbaserte modellen, slik at utdanninga i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforsking fekk lov til å halde fram? Eller skulle disiplinmodellen bli konsekvent gjennomført, med nedlegging av den tverrfaglege utdanninga som resultat? Universitetshistorikaren Narve Fulsås omtala så vidt denne hendinga: «*Med knapp margin i styret fekk ISV løyve til å halde fram med ein «kompleks» modell ved sidan av den «nasjonale» modellen*» (Fulsås 1993:200, sak 81/89 UiTØ). Utdanninga blei berga, med eit naudskrik¹¹.

Utan eige grunnfag, eller deleigarskap i eit grunnfag, var utdanninga i samfunnsplanlegging blitt henvist til å rekruttere studentar til storfaget blant studentar som hadde tatt eit disiplin-grunnfag, og som dermed ikkje hadde blitt sosialisert inn i tverrfagleg tenking frå starten av. Men på den andre sida ville studentmiljøet ved storfaget i samfunnsplanlegging bli meir allsidig, ved at studentar med ulike fagbakgrunnar blei brakt saman.

Når samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforsking var blitt berga, har det også si forklaring i at det var blitt tilsett ein ny professor i Ottar Brox si stilling: Svein Jentoft. Jentoft hadde ein klart tverrfagleg fagprofil, og var spesialist på forholdet mellom (fiskeri)næring og samfunnsutvikling. Fagmiljøet kunne gå 1990-talet trygt i møte, etter eit turbulent 1980-tal.

¹¹ Ein personleg fotnote: Den årelange og heftige kampen for å berge den tverrfaglege modellen hadde sine kostnader. Påkjenningane gjorde det i ein periode vanskeleg for forfattaren dagleg å omgåast kollegaer som hadde sluttå å helse. Det var og i ein periode vanskeleg for forfattaren å forhalde seg til administrativt tilsette som hadde førebudd nedlegging av det fagtilbodet som forfattaren hadde kjempa så intenst for å behalde og utvikle.

Litteratur

- Bjørkli, R. (1988). *Paradigmeskifte i fylkesplanleggingen? En studie av fylkesplanlegging i Troms*. Hovedoppgåve i samfunnsvitenskap, retning Samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning, Universitetet i Tromsø.
- Brox, O. (1999). *Har formidling av samfunnsforskning noen virkning?*, i Holm, T. og Jentoft, S. red. *Talerstolen i Tromsø*. Tromsø: Ravnetrykk br 21, s24-28.
- Bårnes, V. (1997). *Bibliografi over kandidatoppgaver i samfunnsfagene ved ISV Universitetet I Tromsø 1973-95*. Tromsø: Ravnetrykk – Universitetsbibliotekets skriftserie, nr 9.
- Faludi, E. red. (1973). *A Reader in Planning Theory*. Oxford: Pergamon Press.
- Fulsås, N. (1993). *Universitet i Tromsø 25 år*. Utgjeve av Universitetet i Tromsø.
- Gulowsen, J. (1987). *Kvalifikasjoner og arbeidermakt. Samlet og sterk eller splittet og svak?* Dr.philos.-avhandling, Universitetet i Tromsø.
- Hesselberg, K. (1987). *Eldrebølgen – en politisk utfordring: en studie av kommunenes utgifter til eldreomsorgen*. Hovedoppgave i samfunnsvitenskap, retning Samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning, Institutt for samfunnsvitenskap, Universitetet i Tromsø.
- Jacobsen, R. (1982). *Hvorfor ikke alt går galt: langtidsplanleggingens grenser og muligheter; en studie av planleggingssekretariatet*. Hovedoppgave i samfunnsvitenskap, retning Samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning, Universitetet i Tromsø.
- Jensen, Eivind Bråstad (2014). *Universitetspionerene*. Tromsø: UiT Norges Arktiske Universitet.
- Kleven, T (2011). *Fra gjenreisning til samfunnsplanlegging*. Norsk kommunplanlegging 1965-2005. Trondheim: Tapir akademisk forlag.

Tverrfagleg havari – men samfunnsplanlegging overlevde dei turbulente 1980-åra

Meyer, J. W. & Rowan, B. (1983). *Institutionalized Organizations: Formal Structure as Myth and Ceremony*, i Meyer, J. W. & Scott, W.R. *Organizational Environments – Ritual and Rationality*. Beverly Hills: Sage, s. 21-44.

Aasmoe, G. (1988). *Etnopolitikk og forvaltningsorganisasjon: skoletilbudet til samiske barn i Nordland*. Hovedoppgave i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning, Universitetet i Tromsø.

Aarsæther, N. (1986). *Kommunalpolitisk budsjettering – tverrsektorielle beslutningsprosessar i ein innstramingsfase*. Dr. philos.-avhandling, Institutt for samfunnsvitenskap, Universitetet i Tromsø.